



## Saksprotokoll

---

**Organ:** Hovudutval for opplæring

**Møtedato:** 24.11.2015

---

**Sak nr.:** 15/9151-4

**Internt l.nr.:** 51236/15

**Sak:** 30/15

**Tittel:** Høring - Endringar i opplæringslova - friare skulevalg, høvetil å tilby meir grunnskuleopplæring m.m.

**Behandling:**

**Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:**

**Hovudutval for opplæring rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune går i mot framlegget om friare skuleval over fylkesgrensene. For Sogn og Fjordane fylkeskommune vil ein slik utvida rett truleg gje færre elevar i eigne skuletilbod og ein vesentleg auke i kostnadene til gjesteelevar.
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune gjev si tilslutning til at det vert innført eit høve for kommunar og fylkeskommunar til å tilby meir grunnskuleopplæring etter opplæringslova §4A-1 til ungdommar som har rett til vidaregåande opplæring etter opplæringslova §3-1.

**Endringsframlegg:**

**Høgre, Venstre og Kristeleg Folkeparti** kom med eit alternativt framlegg til punkt 1: Sogn og Fjordane fylkeskommune støttar framlegget frå Kunnskapsdepartementet om friare skuleval over fylkesgrensene. Fylkeskommunen merkar seg at Ungdomspolitisk Utval støttar framlegget, og meiner ein bør legge stor vekt på ungdommen sine synspunkt i saker som så direkte vedkjem deira kvardag.

**Kristeleg Folkeparti og Venstre** kom med følgjande forslag til tilleggspunkt: Hovudutvalet for opplæring vil peike på at dersom framlegget frå Regjeringa blir vedtatt, kan enkelte fylke kan få dimensjoneringsutfordringar for undervisningstilbodet dersom mange vel skular utanfor fylket. Det gjeld særleg distriktsfylke med relativt lågt elevgrunnlag og lange avstandar/mange hybelbuarar. Utviklinga på økonomien til fylka som har denne utfordringa må følgjast nøye, og sikre at skuletilbodet for dei resterande elevane i fylket ikkje blir urimeleg skadelidande.

**Avrøysting:**

Det vart røysta høvesvis over punkt 1 i framlegget frå fylkesdirektøren og framlegget frå Høgre, Venstre og Kristeleg Folkeparti sitt alternative punkt 1: Fylkesdirektøren sitt framlegg til vedtak fekk 6 røyster og vart vedteke. Framlegget frå Høgre, Venstre og Kristeleg Folkeparti til alternativt punkt 1 fekk 3 røyster og fall.

Punkt 2 i tilrådinga frå fylkesdirektøren vart samrøystes vedteke.

Kristeleg Folkeparti og Venstre sitt framlegg om nytt punkt 3 vart samrøystes vedteke.

**Dette gir følgjande endeleg vedtak:**

**Hovudutval for opplæring rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune går i mot framlegget om friare skuleval over fylkesgrensene. For Sogn og Fjordane fylkeskommune vil ein slik utvida rett truleg gje færre elevar i eigne skuletilbod og ein vesentleg auke i kostnadene til gjesteelevar.
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune gjev si tilslutning til at det vert innført eit høve for kommunar og fylkeskommunar til å tilby meir grunnskuleopplæring etter opplæringslova §4A-1 til ungdommar som har rett til vidaregåande opplæring etter opplæringslova §3-1.
3. Hovudutvalet for opplæring vil peike på at dersom framlegget frå Regjeringa blir vedtatt, kan enkelte fylke kan få dimensjoneringsutfordringar for undervisningstilbodet dersom mange vel skular utanfor fylket. Det gjeld særleg distriktsfylke med relativt lågt elevgrunnlag og lange avstandar/mange hybelbuarar. Utviklinga på økonomien til fylka som har denne utfordringa må følgjast nøye, og sikre at skuletilbodet for dei resterande elevane i fylket ikkje blir urimeleg skadelidande.